


Vasslaust i opptil 3 timer

28.10.2011



Presis klokka 12 vart vassforsyninga kutta ut til delar av sentrum på grunn av ein omkoppling. Det var røyrleggjarane Knut Stensletten og Johannes Feet som foretok operasjonen og som skal koble inn vatnet att etter 3 timer.

Det er forresten mogeleg at det skjer raskare, opplyser Johannes. Omkopplinga har samanheng med fornying av og nytt leidningsnett til skulen, barnehagen og Hagetunet

På grunn av vassutkopplinga fekk elevane og barnehageborna fri og kunne gå heim etter omlag halv dag. Det var ikkje råd å halda det gåande utan vassforsyning.

Det var skulen, barnehagen, Hagetunet . delar av Skårhaug og oppsittarane mellom Grano og Arnesenlø som vart ramma av utkopplinga.

På biletet er Johannes Feet i gang med å stenga vatnet like ved KV (tidlegare AFA)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen